

Notat

Saksbehandlar: Ole Vegard Skauge, Per Morten Ekerhovd
Saksbehandlar: Ingebjørg Erikstad, Arlen Synnøve Bidne
Sak nr.: 2015/1434-717

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fellesnemnda		19.12.2018

Tilleggsnotat til sak om fylkesvåpen for Vestland fylkeskommune - illustrasjon av heraldisk sølv og evt. prosess for justeringar og nye alternativ

1 Bakgrunn

Fellesnemnda sitt arbeidsutval gjorde, 27.11.2018, i sak PS 48/2018, følgjande vedtak:

- «1. *Arbeidsutvalet vurderer fagkomitéen si tilråding og dei andre utgreiingane i prosjektet som tilstrekkeleg avgjerdsgrunnlag for val av fylkesvåpen for Vestland fylkeskommune.*
2. *For å sikra brei medverknad i partigruppene rundt val av nytt fylkesvåpen, vil AU i Fellesnemnda leggje denne saka fram utan tilråding.»*

I møtet kom det spørsmål om korleis forslaga ville sjå ut med sølv i staden for kvit, i samsvar med blasoneringa (ordlyden). Prosjektleiar legg fram illustrasjonar av dei 4 aktuelle forslaga til fylkesvåpen, der grå/sølv er vist i staden for kvit, og viser i tillegg korleis våpenforslaga kan nyttast i ulike samanhengar.

Det kom også spørsmål om eit evt. handlingsrom for endringar og justeringar til dei innstilte forslaga frå fagkomitéen. Det vart orientert om at eit evt. handlingsrom for slike endringar er begrensa, gitt den strame framdrifta i saka. Utsetjinga av saka har no opna eit handlingsrom, både for endringar og justeringar, samt utarbeidning av nye alternativ, som prosjektleiar gjer greie for.


2 Framlagte alternativ med ulik bruk av heraldisk sølv

I det følgjande er ei kort omtale av dei 4 framlagte forslaga, som viser ulik bruk og ulike variantar av sølv. I heraldisk språk (blasonering) brukast kun omgrepet sølv, men ein kan ta i bruk både kvit, grå og sølv ve bruk av våpenet. Dette er praktisk når ein skal skifte mellom ulike underlag og bruksmåtar. Forslaga er vist i lite og stort format, og på ulike flater.


Forslag 1 - Tilbydar C – Natur og landskap (Fjordar)



Forslaget viser grøne fjellsider ut etter ein sølv fjord. Forslaget er kjent, og fungerer i stort og lite format, på avstand, og i negativ. Forslaget med bruk av grå til høgre ovafor. Nedanfor til venstre i lite format, til høgre med metallverknad, heilt nede døme på bruk i interiør.



Forslag 2 - Tilbydar E – Samtid (Bølgjer, vind, foss, energi)




Vestland
Fylkeskommune


Forslaget har 3 like, kvite bølgjeformer på ein blå bakgrunn, repetert i 3 kolonner. Forslaget viser vindskapte bølgjer, og energien i områda i vest, repetert for å vise fornying. Forslaget er kjent, og vil fungere i stort og lite format, på avstand, og i negativ.





Forslaget i sølv/grå:




Forslag 3 - Tilbydar C – Eige forslag




Forslaget viser eit stilisert landskap sett ovafrå, med ein kvit del, hav, og ein grøn del, land, og 3 fjordar inn i landet, representert av 3 bjelkar. Forslaget kan forbetraast dersom uvissa knytt til kva fjordar som er vist vert redusert, ved grafisk bearbeiding. Ovafor kvit og konturstrek til venstre, grå utan konturstrek til høgre. Nedanfor med preg av sølv til venstre, lite format til høgre.



Forslag 4 - Tilbydar C – Samtid (Bølgjer, vind, foss, energi)



Forslaget viser 3 fossestrengar som sler mot fjell. Det fungerer i stort og lite format, på avstand, og i negativ. Ovafor med koturstrek og kvit til venstre, utan konturstrek og grå til høgre. Nedanfor sølv verknad til venstre, lite format til høgre.



3 Mogeleg prosess for justeringar og alternative forslag

Prosjektleiar legg til grunn vi vidare framdrift med vedtak av fylkesvåpen i fylkestinget i Hordaland 5.3.2019, og i Sogn og Fjordane 24.4.2019. Innanfor ein slik framdriftsplan er ulike framgangsmåtar mogelege.

Alternativ 1 – Mindre justeringar av dei 4 framlagte forslaga

Som eit tilleggsoppdrag til designbyråa kan dei 4 framlagte forslaga til fylkesvåpen bearbeidast og leggast fram på ny, i fleire fargar, og evt. med andre, mindre justeringar.

Kostnaden for tilleggsoppdraget vil vere i storleik 20.000 – 30.000 kroner. Nye fargealternativ kan leggast fram i tillegg til eksisterande forslag, til handsaming i FN-AU 4.2.2019, og i FN 14.2.2019.

Døme på utarbeiding av fargealternativ – Sunnfjord kommune:



**Sunnfjord
kommune**



**Sunnfjord
kommune**



**Sunnfjord
kommune**



**Sunnfjord
kommune**

Alternativ 2 – Framlegging av nye forslag til fylkesvåpen

Fagkomiteen si tilråding er gjort ut frå ei forventning om vedtak i dei to fylkestinga i desember 2018. Når saka no er utsett, med ny framdrift, vil det være mogeleg å få utarbeidd nye forslag, og samstundes ta med dei 4 tilrådde forslaga, evt. inkludert dei fargejusterte alternativa.


Alternativ 2A – tilleggsoppdrag med utgangspunkt i dei innkomne forslaga i designkonkurransen

Det vert gjeve eit tilleggsoppdrag til dei 5 byråa med utgangspunkt i dei 18 framlagte forslaga. Eitt forslag frå kvar tilbydar kan sendast tilbake for bearbeiding og framlegging på ny, til FN-AU 4.2.2019, og FN 14.2.2019.


Prosjektleiar har peika ut 5 aktuelle forslag som etter grafisk bearbeiding vil kunne verte eigna eller godt eigna alternativ. Desse er merka med svart rame nedanfor, og har følgjande grunngjeving:

- Prosjektleiar lagt til grunn at det bør utarbeidast eigna forslag frå motivgruppe B: *Kultur og historie «Veband»*, i tråd med vedtak i FN-AU 10.9.2018.(Alternativ frå Tilbydarane B og E)
- Prosjektleiar vurderer at eit av dei 4 framlagte forslaga har ytterlegare potensial for forbetring. (Alternativ frå Tilbydar C)
- Prosjektleiar vektlegg eit betydeleg innslag av fjordmotiv i den opne innspelsprosessen, og ser det som aktuelt å få utarbeidd eigna alternativ med slikt motiv. (Alternativ frå Tilbydar A og D)

Tilbydar A:




Tilbydar B:



Tilbydar C:



Tilbydar D:



Tilbydar E:



Eit tilleggsoppdrag innanfor dette alternativet vil ha ein kostnad til om lag 100.000 kroner.

Alternativ 2B – tilleggsoppdrag til designbyråa - nye forslag

Det vert gjeve eit tilleggsoppdrag til dei 5 byråa der kva av dei får høve til å legge fram eit nytt, eige, forslag. Desse 5 vil vere nye forslag, og kjem i tillegg til dei 18 innsendte forslaga. I dette alternativet vil dei tidligare vedtekne motivgruppene ikkje verte lagt til grunn for tilleggsoppdraget. Designbyråa vil her fritt kunne velje motiv, men innanfor heraldiske retningslinjer.

Alternativet har ein kostnad omlag 125.000 kroner. Slike eventuelle nye forslag kan leggast fram for handsaming i FN-AU 4.2.2019 og i FN 14.2.2019.

Prosjektleiar sine merknader

Med grunnlag i dei skisserte tilleggsoppdraga vil det vere mogeleg å få fram både justerte alternativ og nye alternativ til handsaming i FN-AU 4.2.2019 og i FN 14.2.2019.

Dersom det er ynskjeleg med sterkare politisk deltaking og forankring i utforming av eventuelle tilleggsoppdrag kan dette skje i eit møte i FN-AU seinast tidleg i januar 2019.

Så langt det er mogeleg vil prosjektleiar trekke inn fagkomitéen i ein eventuelt utvida prosess for val av fylkesvåpen.

Dei ulike alternativa kan setjast i verk kvar for seg eller kombinerast i det eventuelle tilleggsoppdraget.

Alle alternativ kan gjennomførast som tilleggsoppdrag innanfor tidligare igangsett designkonkurranse.